

Boklansering og pubkveld på Dønhaug, laurdag 9. november.

05.11.2019



Boklansering og konsert med Robert Smidt-Hald i Dønhaugkjedlaren på laurdag.

Laurdag 9. november kjem låtskrivaren, multikunstnaren, forfattaren, øldesigner og bryggjaren Robert Smith-Hald til Dønhaugkjedlaren. Det vert lansering av den nye boka hans Godt ØL. Heile dagen vil ha tema ølbrygging ettersom Humlepungen Bryggjarlag vil ha bryggjardag på laurdag.

Robert er nok mest kjent som musikar, men i haust har han gitt ut boka Godt Øl - Bryggerens beste råd på Cappelen Damm forlag. Robert vil presentera boka si, fortelja og gje gode tips om korleis ein kan laga sitt eige øl.

Boka har fått god mottaking og kritikk. Det første opplaget er alt utseld, andre opplaget er i trykken, og ein planlegg eit tredje opplag.

NB! Robert har med bøker for signering og sal.

Etter boklanseringa blir det konsert med Robert der han vil presentera eigen musikk. Han er ein av Norges fremste låtskrivar. Musikken hans er melodiøst Americana og blir samanlikna med artistar som Bob Dylan, Bruce Springsteen, Lou Reed og Neil Young.

NB! For dei som er spesielt interessert i brygging, vil Humlepungen Bryggjarlag og Robert bryggja juleølet i Dønhaugkjedlaren frå tidleg laurdag morgen.

Her er det høve til å vera med.

Tekst: Pressemelding

Foto: Robert Smidt-Hald
Nett: Kristian Bringedal